

35 000 til Lambasleppet

19.06.2015

Festidalens nyaste prosjekt Lambasleppet som ser dagens lys no har god vind i segla allereie. Det har fått 25 000 i såkalla frifondmidlar og ei løyving på 10.000 frå næringsfondet til stipendiet. Rådmannen held i samband med løyvinga frå næringsfondet fram at Festidalen sine arrangement generelt og med særleg satsing på unge talentar vil gjera kommunen meir attraktiv for bedriftene med omsyn til rekruttering og at eit levande bygdesamfunn vil styrkje næringslivet.

Rådmannen slår fast at Festidalen etter kvart har vorte eit av dei viktigaste bidraga til å hjelpa fram lovande ungdomsartistar.

Næringsfondet skal nyttast til nyskapande prosjekt og prosjekt som fører til auka sysselsetting i næringssvake områder og her kjem Lambasleppet midt i blinken..

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen